

Fra: kjell@reigstadbygg.no
Sendt: 12. november 2014 11:25
Til: Postmottak Lindås
Kopi: Kristin Nielsen; Atle Dingen; post@reigstadbygg.no
Emne: Re: Førebels svar med informasjon om vidare sakshandsaming - gbnr 134/342 og 134/343 Hilland (SAK: 14/3464)
Vedlegg: FW_SV_Pkobling VA Hilland Atle dingen 08112012.pdf

Me viser til dykker brev av 11.11.2014 vedkomande informasjon om vidare handsaming av vår byggesak for 4 mannsbustad på gbnr 134/342 og 343

Manglende avløpskapasitet.

Me stiller oss undrane til kommunen sin informasjon om manglende kapasitet på avløpsanlegget som omfattar våre eigedomar.

Tidlegare eigar Dan Stephan Kaland tok kontakt med VA-avdelinga i nov 2012 for å få stadfesta at det var kapasitet på VA anlegget for desse eigedomane, samt anna eigedom i feltet.
Han skriv kva eigedomar dette gjeld og kva soim skal byggast på desse. (2x2 tomannsbustader)

Kommunen v/Atle Dingen svarar:

*Dette er tomter idet gamle Hillandfeltet og er tatt med i planen for vatn og avløp området.
Dei er dermed ikkje berørt av begrensingane Teknisk Drift har for nyutbygging i området.*

Heile dialogen finn de i vedlegg. Eposten har og kopi til byggesak (Bjørnevoll)

Førehandskonferanse

Vi har og hatt førehandskonferanse med kommunen i denne saka.

Kommuen skriv i referatet at einebustad med utleige er i samsvar med plan for begge tomtene
2+2 = 4 eininger

Vi har søkt om oppføring av 4 eininger totalt på dei to tomtene. =4 eininar.

I førehandskonferansen kom det ikkje fram noko om at det var avgrensingar i høve avløpsanlegget.

Saksgang

Vi gjennomførte førehandskonferanse 25.09.2013

Dispensasjon og rammesøknad vart sendt inn 08.04.2014.

Etter dette har kommunen greid å *forlagt* saka i sitt system, der vi via postmottak må hjelpe dei å finne saka (august 2014).

Vi har seinare fått brev 07.10.2014 med krav om ytterlegare dokumentasjon av tiltaket
Dokumentasjonen vart sendt inn 21.10.2014.

Vår vurdering

Vi finn det merkeleg at det først no, 12.11.2014 kjem opp problem med avløpskapasitet i området,
dette er og spesielt då kommunen sjølv i epost til tidlegare eigar har skreve at dette ikkje er noko

problem for desse konkrete eigedomane og med omsøkte tiltak.

Byggesak er gjort merksam på dette, då dei har fått kopi av eposten frå teknisk drift.

Vi reknar med at kommunen har lagt dette til grunn i høve opplysningane som vart gjeve i førehandskonferansen.

Det er dette vi har lagt til grunn ved kjøp av eigedomen og etterfølgjande søknad til kommunen.

For å kunne ha forutsigbarheit i våre prosjekt, forventar vi at vi kan stole på opplysningane vi får frå kommunen.

At det eventuelt er kome andre tiltak/søknader i området lyt vurderast utanom vår søknad.

Vegen Vidare

Vi ber om at Teknisk drift stadfester dei opplysningane som vart gjeve i vedlagte epost.

I lys av dei nye opplysningane ber vi om at kommunen vurderer saka vår på nytt.

Vi forventar no rask avklaring, og positivt vedtak

med helsing

Kjell Reigstad

Reigstad bygg og Eigedom as

Dirtlf: 977 47 964

Epost: Kjell@reigstadbygg.no

Heimeside: www.reigstadbygg.no

----- Opprinnelig melding -----

Fra: Kristin Nielsen <Kristin.Nielsen@lindas.kommune.no>

Til: "post@reigstadbygg.no" <post@reigstadbygg.no>

Dato: Wed, 12 Nov 2014 08:36:20 +0100

Emne: Førebels svar med informasjon om vidare sakshandsaming - gbnr 134/342 og 134/343

Hilland

Se vedlagte saksdokumenter.

Med venleg helsing

Kristin Nielsen

Rådgjevar byggesak